



Funksjonsbeskriving for ressursjukepleiar

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling er etablert i alle føretaksområde i Helse-region Vest. I Helse Fonna føretaksområde har nettverket eksistert sidan 2003, og har vore forankra i ein forpliktande samarbeidsavtale sidan 01.12.2005.

I Helse Fonna sitt føretaksområde er frå 01.01.2012 Samhandlingsutvalet det formelle samarbeidsorganet mellom Helse Fonna, kommunane og Høgskolen Stord/Haugesund. Partane forpliktar seg til deltaking i felles faglege nettverk (jf. Tenesteavtale 2 punkt 4.1.2 og punkt 4.1.3). Det faglege nettverket for kreftomsorg og lindrande behandling er plassert inn i denne strukturen frå og med 01.02.2015. Nytt **mandat for nettverket** erstattar tidlegare inngått samarbeidsavtale. I tillegg bygger funksjonsbeskrivinga på **Strategi 2013-2016** for Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse-region Vest.

Partane i nettverket

Partane i nettverkssamarbeidet er Helse Fonna HF, kommunane i Helse Fonna-området, Kompetansesenter i lindrande behandling Helse-region Vest (KLB), Høgskolen Stord/Haugesund, Kreftomsorg Rogaland og Kreftforeningen.

Mål for nettverket

I mandatet for nettverket står følgjande om faglege nettverk:

Faglege nettverk vert oppretta for å sikre gode pasientforløp på tvers av nivå. Hovudfokus skal vere fagutvikling, pasientforløp og oppfølging av viktige områder i samarbeidsavtalane mellom føretak og kommunane. Nettverket skal òg ha oversikt på arena og kanalar for samarbeid på feltet.

Mål for nettverket i kreftomsorg og lindrande behandling:

- Bidra til kompetanseheving, samarbeid og betre samhandling på alle nivå i helsetenesta innan kreftomsorg og lindrande behandling.
- Bidra til at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, og deira pårørnde, opplever tryggleik og motteke helse- og omsorgstenester av god kvalitet.
- Stimulere til fagutvikling og sikre samarbeid.

Ressursjukepleiar sine oppgåver og ansvar

I Klinisk verksemd på arbeidsplassen

- ha oversikt over aktuelle pasientar i eiga sone/avdeling
- rettleiing, rådgjeving og erfaringsutveksling mellom kollegaer

- i samarbeid med sin leiar bidra til gode rutinar for oppfølging og pleie av kreft-pasientar og pasientar som treng lindrande behandling, samt omsorg ved livets slutt
- i samarbeid med sin leiar følge opp bruk av ESAS for pasientar som får lindrande behandling
- i samarbeid med sin leiar følge opp bruk av individuell plan og tilby individuell plan til pasientar som treng koordinerte tenester

II Samhandling og systemarbeid

- i samarbeid med sin leiar følgje opp gode rutinar for samarbeid og samhandling som sikrar pasienten kontinuitet og samheng i behandlingstilbodet
- streve etter å ha oversikt over tilbod innan kreftomsorg og lindrande behandling
- i samarbeid med sin leiar innføre systematisk bruk av ESAS-kartlegging
- i samarbeid med sin leiar bidra til å innføre bruk av individuell plan for aktuelle kreftpasientar og pasientar som treng lindrande behandling
- vere kontaktperson for sjukehuset sitt palliative team
- gi melding til sin leiar og sekretær i KLB i god tid dersom funksjonen som ressursssjukepleiar vert avslutta, samt ved permisjon
- gi melding til leiar i god tid før planlagte møte

III Kompetanseheving

- utvikle særleg kompetanse i kreftomsorg og lindrande behandling
- i samarbeid med sin leiar bidra til internundervisning som sikrar god kompetanse og kvalitet innan kreftomsorg og lindrande behandling
- delta på felles og lokale samlingar i nettverket

IV Arbeidsgjevar forpliktar seg til

- å gje ressursssjukepleiar tid og ressursar til å utøve sin funksjon, jf. Mandat for nettverket
- å gje ressursssjukepleiar høve til å delta på fagseminar og møte i regi av nettverket

Funksjonsbeskrivinga er gjennomgått og partane er kjende med innhaldet.

Dato:

Ressursssjukepleiar

Leiar